



# Sauda Høgres program 2023-2027

Behandla og vedteke tysdag 18. april 2023

## Innhold

|                                                           |    |
|-----------------------------------------------------------|----|
| Kapittel 1: Sauda Høgre sine verdiar og hovudføremål..... | 3  |
| Kapittel 2: Helse, pleie og omsorg .....                  | 4  |
| Kapittel 3: Skule og oppvekst .....                       | 5  |
| Kapittel 4: Bulyst.....                                   | 6  |
| Kapittel 5: Nærings og samfunn .....                      | 7  |
| Kapittel 6: Idrett, frivillighet og reiseliv .....        | 7  |
| Kapittel 7: Klima og miljø .....                          | 8  |
| Kapittel 8: Landbruk .....                                | 9  |
| Kapittel 9: Samferdsle .....                              | 10 |
| Kapittel 10: Born og ungdom.....                          | 10 |
| 7 gode grunner for å røysta Høgre. ....                   | 11 |

### 3    **Kapittel 1: Sauda Høgre sine verdiar og hovudføremål**

4    Sauda er ein fantastisk stad å bu, vekse opp og leve. Høgre vil bevara det som er  
5    godt i Sauda, men vi ynskjer også så utvikle kommunen slik at den best mogleg  
6    kan møta framtidas utfordringar og moglegheiter.

7    Me ynskjer å ta vare på og utvikle det beste i samfunnet. Det ligg eit ansvar på  
8    dei som styrer å ta vare på det som er no og gje dei som kjem etter oss best  
9    moglege føresetnader. Vala me tar skal ikkje berre komme dagens saudabu til  
10   gode, men og vere til det beste for dei som kjem etter oss.

11   Skulen skal vera ein stad der alle høyrer heime, føler på meistring og utviklar  
12   gode sosiale band. Me skal ha gode kvalifiserte lærarar og ha eit sterkt fokus på  
13   tidleg innsats innan norsk, engelsk og matematikk. Me ynskjer og at  
14   ungdomsskulen skal ha eit godt tilbod for elevar som ynskjer å prate med nokon,  
15   og vil leggje til rette for ei auke av timer tilgjengeleg hjå helsejukepleiar. I  
16   tillegg ser me at det trengs fleire fagprofesjonar inn i skulen for å styrkja teamet  
17   rundt eleven.

18   Høgre vil at Saudabuen skal leve *heile* livet, og at lokalsamfunnet vårt er lagt til  
19   rette for at flest mogleg skal kunne bu heime så lenge dei kan og vil. Sauda skal  
20   vera eit aldersvennleg samfunn der ein blant anna legg til rette for gode  
21   møteplassar og aktivitet. Me vil at ein skal føle seg trygg, og eit av tiltaka er  
22   førebyggjande heimebesøk det året ein fyller 77. Me ynskjer og fleire  
23   leilegheiter nær sentrum slik at det vert enkelt å oppsøka aktivitetar og møta  
24   andre menneske.

25   Høgre vil gje makta tilbake til deg. Me trur at samfunnet vert betre når kvar  
26   enkelt gis større valfriheit og får bestemme meir over sin eigen kvardag. Me i  
27   Høgre vil at Sauda skal bli ein ja-kommune som spelar på lag med folk,  
28   frivilligkeit og næringsliv. Saman gjer me Sauda til ein endå betre stad å bu,  
29   vekse opp og leve.

## 30 **Kapittel 2: Helse, pleie og omsorg**

31 Sauda skal vere ein god stad å bu. Dei som bur i Sauda skal gle seg til å bli  
32 eldre. For å få dette til, må me satse vidare på det som er vedteke. Me vil at folk  
33 skal kunne bu heime så lenge dei kan. Det skal vera eit aldersvenleg samfunn  
34 med gode møteplassar og variert utval av aktivitetar. Me i Høgre vil prioritera  
35 førebyggjande tiltak for innbyggjarar i alle livets fasar.

### 36 **Sauda Høgre vil:**

- 37 - Ha gode og stabile løysningar på legetilbodet
- 38 - Innføre helsesjukepleiar for eldre
- 39 - Syte for at dei som ynskjer kan bu heime så lenge som mogleg
- 40 - Innføre tilbod om førebyggande heimebesøk til eldre etter fylte 77
- 41 - Etablere fleire lågterskeltiltak etter modell av rask psykisk helsehjelp for å  
42 auke både tilgang og tilgjengeleghet for befolkninga
- 43 - Utvikle godt samarbeid om helsetenester mellom det offentlege og det  
44 private
- 45 - Gjera det enklare for det frivillige å bidra til fellesskapet
- 46 - Vidareutvikla jordmortenesta og helsestasjonen i Sauda, slik at nyfødde  
47 og foreldre får ein god start og oppfølging
- 48 - Ha tett dialog med Helse Vest om korleis ein best mogleg kan utvikle  
49 tilbodet lokalt, slik at ein hindrar unødig reising

## 50 **Kapittel 3: Skule og oppvekst**

51 For at born og unge skal få ein best mogleg oppvekst, er det viktig at barnehagar  
52 og skule blir satsa på. Sauda Høgre vil arbeide for at elevane møter fagleg  
53 kvalifiserte og dyktige skule- og barnehagertilsette. Det norske  
54 utdanningssystemet er kanskje den største grunnen til at Noreg er i verdstoppen  
55 når det gjem til likskap. Gode, kvalifiserte lærarar er innanfor dette igjen den  
56 viktigaste ressursen me har. Det har i fleire år vore utfordrande å rekruttera nok  
57 lærarar til Sauda, og dette er eit problem som me må ta tak i. Me må difor sjå på  
58 korleis me bruker ressursane våre innan skule, slik at me best tek vare på elevar,  
59 lærarar og andre tilsette ved skulane.

60 **Sauda Høgre vil:**

- 61 - Optimalisere ressursar på tvers av einingane i skule- og barnehage.
- 62 - Sørge for at alle barn har eit trygt og godt skolemiljø
- 63 - Tilretteleggje for at skulen kan arbeide systematisk for å fange opp og få  
64 bukt med skulevegring – det skal vere kjekt å gå på skulen i Sauda
- 65 - Leggje opp til praktisk undervisning og tilrettelagte tilbod i skulen
- 66 - Få fleire yrkesgrupper inn i skulen, til dømes sosiallærar og  
67 miljøterapeutar og BSVar (barnevernspedagog, sosionom og vernepleiar)
- 68 - Vidareføra og styrka kapasiteten i pp-tenesta som ein del av tidleg innsats  
69 i skulen
- 70 - Satse på tidleg innsats gjennom heile skuleløpet, og sikra at retten til  
71 intensivopplæring i lesing, skriving og rekning oppfyllast
- 72 - Prioritera og leggje til rette for at fleire lærarar kan ta etter- og  
73 vidareutdanning, med fokus på basisfaga og spesialpedagogikk
- 74 - Fortsette samarbeid med fylkeskommunen som styrkjer den vidaregåande  
75 skulen
- 76 - Arbeide for at det skal vere mogleg å ta desentralisert lærarutdanning i  
77 Sauda

- 78 - Likebehandla offentlege, ideelle og private barnehagar for å sikra  
79 mangfald i tilbodet og føreseielege og rettferdige rammevilkår  
80 - Sikra at plikta til samarbeid mellom barnehagar og skular følgast slik at  
81 overgangen for borna blir god  
82 - Styrke fagpersonell innan psykisk helse for unge

### 83 **Kapittel 4: Bulyst**

84 Sauda skal vera ein attraktiv plass å bu. For å ta vare på eksisterande og nye  
85 bedrifter og oppretthalde tenestene, så er det viktig å leggje til rette for at folk  
86 fortsatt ynskjer å bu i Sauda, samt auke lysta for å flytte til. Me vil leggje til rette  
87 for dette ved å ha gode tomter tilgjengelege, vere imøtekommande for tilflyttarar  
88 og arbeide for at dei kommunale avgiftene ikkje skal vere høgare enn naudsynt.

### 89 **Sauda Høgre vil:**

- 90 - Ha ein langsiktig plan for bustadbygging  
91 - Gi ut informasjon til personar som flyttar til Sauda som beskriv kva Sauda  
92 kan tilby  
93 - Aktivt følge opp studentar frå Sauda og informere om kva stillingar som  
94 finst  
95 - Fortsette satsinga på sommarjobbar der studentar får relevant erfaring  
96 - Leggje til rette for bygging av nye, universelle, sentrumsnære leilegheiter  
97 - Vera positive til oppretting av hundepark

## 98 **Kapittel 5: Næring og samfunn**

99 Sauda kommune skal vere ein god medspelar for det lokale næringslivet. Det  
100 handlar om å sørge for rask regulering, og nok areal til næringsutvikling. Me  
101 må ha ein rask og effektiv saksbehandling i kommunen. Det handlar også om å  
102 ha låge skattar og gebyr i kommunen. Ikkje minst handlar det om å vera  
103 næringsvennlege, ta fram JA-stempelet der me kan, og samarbeide med det  
104 private for å finna gode løysningar.

105 **Sauda Høgre vil:**

- 106 - Vera ein god samarbeidspartner med lokalt næringsliv
- 107 - Bidra til eit levande sentrum der kommunen og næringslivet speler på lag
- 108 - Revidere gjeldande kommuneplan snarast med fokus på framtidig næring-
- 109 - og bustadsareal
- 110 - Kommunen sin tilsettingspolitikk må gjenspegla mangfaldet i samfunnet
- 111 - Behalda heile faste stillingar som hovudregel, og utvikle
- 112 - arbeidstidsbestemmelser for å skape heiltidskultur i alle sektorar
- 113 - Leggje til rette for, og vera positive til kraftkrevjande industri

## 114 **Kapittel 6: Idrett, frivillighet og reiseliv**

115 Samfunnet er heilt avhengige av det frivillige. I Sauda er idrett og frivillighet  
116 ein viktig arena for førebygging innan helse og livskvalitet- og gir tilbod til  
117 mange born, unge, vaksne og eldre. Det motverkar utanforsk, og bidreg også  
118 til inkludering, integrering og samhold. Me er her så heldige at det finnst eit rikt  
119 og variert tilbod. Men det er då og viktig at dette blir ivaretake og møter ein  
120 kommune som spelar på lag med det frivillige.

121 **Sauda Høgre vil:**

- 122 - Fortsette satsinga på Sauda som heilarleg reiselivsdestinasjon

- 123 - Arbeide for eigen reiselivsplan for Sauda kommune med ein klar  
124 identitetsprofil og styrka markedsføring
- 125 - Jobbe for at frivillige organisasjonar får redusert leige i alle kommunale  
126 samlingslokale etter gitte kriterier
- 127 - Vidareutvikle og synleggjere Frivillighetssentralen si rolle både i arbeidet  
128 med å styrka det frivillige Sauda, og som bindeledd mellom kommune,  
129 lag- og foreiningar.
- 130 - Arbeide for at kommunen er behjelpelege med kompetanse til søkerne  
131 og diverse til frivillige lag og organisasjonar
- 132 - Fortsette å vera positive til å forskottere spelemidlar til kvalifiserte lag og  
133 foreiningar
- 134 - Opprette fritidsbibliotek der ein gratis kan låne utstyr til aktivitetar

## 135 **Kapittel 7: Klima og miljø**

136 Sauda kommune må gå føre i det grøne skiftet, og bidra til ein klima- og  
137 miljøpolitikk som kuttar utslepp og tar vare på naturen. Me skal ikkje stanse  
138 utviklinga, men skapa grøne jobbar og moglegheiter for verdiskaping. Me skal  
139 nå klimamåla med tiltak som monnar, ikkje symbolpolitikk. Tiltaka me gjer no  
140 skal komme dei neste generasjonane til gode. Me skal vere med på å leggje til  
141 rette for at folk kan ta grønne valg i kverdagen. Dette inneber også at politikken  
142 til Sauda kommune skal vere til det beste for dei som kjem etter oss. «Setning  
143 om grøn tråd»

### 144 **Sauda Høgre vil:**

- 145 - Velje klimavennlege løysingar i framtidige byggeprosjekt
- 146 - Velje klima- og miljøvennlege produkt og løysingar der dette er  
147 tilgjengeleg og forsvarleg
- 148 - Arbeide vidare med sertifiseringa innan berekraftige reisemål
- 149 - Leggje til rette for fleire ENØK-tiltak i kommunale bygg

- 150 - Sauda kommune skal vera eit kraftsenter for grøn energi  
151 - Sikra heilskapleg struktur og planar for grøntområde, gjennom å sikra  
152 parkar og møteplassar, samt tilgang til fjord, elvar og bekkar  
153 - Jobbe opp mot fylket slik at det blir samanhengande gang- og sykkelvegar  
154 i tilknytning til fylkesvegar  
155 - Kreve miljørekneskap i anbudskonkurransar  
156 - Vere restriktive med å åpne for nye hyttefelt, vregar eller andre inngrep i  
157 område som ikkje allereie er berørt

## 158 **Kapittel 8: Landbruk**

159 Om ikkje landbruket i Sauda er stort, så betyr det mykje for både kulturlandskap  
160 og busetjing i bygda. Me har i tidligare periodar vist at Høgre i Sauda er på lag  
161 med bonden, blant anna ved tilskot til nydyrkning og ungskogpleie og arbeid opp  
162 mot staten til ny tømmermark. Landbruket treng vidare å bli satse på for å gå det  
163 grøne skiftet i møte. Då er kompetanse og utdanning ein viktig del av dette. Her  
164 har Vinterlandbrukskulen vore ein suksessfaktor, og det ynskjer me at den skal  
165 vera vidare. Me skal også ta vare på den matjorda me har, og å byggje ned denne  
166 skal vera absolutt siste utveg. I ei stadig meir uroleg verd skal me vera glade for  
167 at bøndene i Sauda kan bidra til sjølforsyningsgrada med både mjølk, egg, kjøt,  
168 ved og tømmer

### 169 **Sauda Høgre vil:**

- 170 - Jordvernet skal stå sterkt.  
171 - Legge til rette for meir lokal matproduksjon  
172 - Satse på vidareutvikling av skogdrift og leggje til rette for auka  
173 produksjon av skog  
174 - Vidareføra tilskotet til nydyrkning og ungskogpleie  
175 - Sauda kommune skal vera ein støttespelar for Vinterlandbrukskulen

## 176 **Kapittel 9: Samferdsle**

177 Mobilitet og framkommelighet er avgjerande for at folk skal få kvardagen til å  
178 gå opp, og for at næringslivet skal kunne drive så effektivt som mogleg. Me må  
179 jobbe fram løysingar som ivaretak alle sine behov, og som alle kan leve med.  
180 Effektive og føreseielege transportløysingar er viktige for alle innbygjarar, for  
181 skular og for næringsliv.

### 182 **Sauda Høgre vil:**

- 183 - Jobbe vidare for å realisere tunell Sauda-Etne
- 184 - Jobbe mot fylket for å bevare talet på hurtigbåtanløp
- 185 - Trygge og sikre eksisterande gang- og sykkelvegar
- 186 - Arbeide for eit breiare kollektivtilbod i Sauda og omegn
- 187 - Arbeide fram gode løysingar på utfartsvegar i samråd med grunneigar og  
188 hytteforeiningar
- 189 - Me vil at vedlikehald av kommunale vegar skal vera høgare prioritert  
190 gjennom heile året

## 191 **Kapittel 10: Born og ungdom**

192 I Sauda skal det vere rom for alle. Mange av tilboda me i dag har er svært gode,  
193 men me vil alltid bli betre. Det me allereie har må bevarast og finslipast, og  
194 potensielle nye tilbod må fram i lyset og leggast til rette for. Kommunen skal  
195 vere ein støttespelar for eit mangfald av aktivitetar og tilbod som kjem barn og  
196 unge til gode. Me må sørge for at alle kan vere med på noko, og at ikkje nivå,  
197 økonomi eller funksjonsnivå skal vere ekskluderande faktorar.

### 198 **Sauda Høgre vil:**

- 199 - Meir opent i Saudahallen med tilbod for born og unge
- 200 - Ungdomsklubben skal vera open fleire laurdagar i løpet av året
- 201 - Jobbe for søndagsopent basseng i Saudahallen

- 202 - Kulturkortet blir vidareført som eit tiltak for inkludering og redusert  
203 utanforskap  
204 - Ha tett kontakt med skule, politi, helsetenester og føresette for å  
205 førebyggje ukultur blant ungdom  
206 - Ha ein stad der ungdom mellom 15 og 18 kan samlast på ettermiddagstid  
207 eller kveldstid i helger

208 **7 gode grunner for å røysta Høgre.**

- 209 1. Høgre vil sikre ein berekraftig og føreseieleg kommuneøkonomi
- 210 2. Høgre vil sikre ein god skule med godt læringsmiljø
- 211 3. Høgre vil at folk skal gle seg til å bli gamle i Sauda
- 212 4. Høgre vil at det skal vera eit breitt og variert fritidstilbod til dei unge
- 213 5. Høgre vil vera på lag med jobbskaparane i samfunnet
- 214 6. Høgre vil at det skal vera ein bustadmarknad for alle
- 215 7. Høgre vil ta vare på den mangfaldige naturen i Sauda